



Ragnar Hindenes
Svindalsvegen 46
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1259 - 18/25970

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.08.2018


Krav om tilknytning til kommunalt avløpsanlegg - gbnr 24/37 Fammestad

Lindås kommune viser til vårt skriv datert 22.05.2018 og tilbakemelding frå dykk datert 05.06.2018 som gjeld avløpsanlegget på gbnr 24/37.

I følgje tilbakemelding frå deg vert avløpet frå eigedomen reinsa i slamavskiljar og ført vidare til spreing i jord. Denne avlaupsløysinga er ikkje tilfredsstillande ut frå dagens standard.

Området er bygd ut med kommunalt vass- og kloakkanlegg. Eigedomen din er i dag tilknytt kommunalt vassverk.

Kartutsnittet viser leidningsnettet i området:



Plikt til tilknytning til kommunal VA-anlegg

I følge plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går

- over eigedomen,
- i veg som grensar til eigedomen, eller
- over nærliggjande areal

knytast til dei offentlege leidningane.

Lindås kommune vurderer at eigedomen din fell inn under bestemmelsane om tilknytingsplikt til det kommunale avløpsanlegget, jf plan- og bygningslova (pbl) § 27-2. Frist for tilknytning vert sett til **01.03.2019**.

Lindås kommune vil vurderer å gje pålegg om tilknytning til kommunalt avløpsanlegg dersom eigedomen ikkje er tilknytt innan fristen jf pbl § 32-3. Kommunen vil samstundes kunne fastsetja tvangsmulkt for å få gjennomført pålegget, jf pbl § 32-5. Vi gjer merksam på at eventuelt pålegg som ikkje vert stetta innan fastsett frist vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom jf. plan- og bygningslova § 32-2, 2.ledd, 3.punkt.

Reparasjon av septiktank

Det må straks setjast i verk tiltak for å hindra vidare forureining på eigedomen din. Dette kan skje ved tilknytning til kommunalt avløpsnett eller ved at septiktanken vert reparert i påvente av tilknytning. Frist for tilbakemelding på at lekkasjen er stoppa vert sett til **01.10.2018**.

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen, om at arbeidet er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen og knyta avløpet frå eigedomen til det kommunale avløpsnettet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Du må ta kontakt med godkjend rørleggarføretak som kan søkja om tilknytning til kommunalt avløpsanlegg og utbetra lekkasjen i påvente av tilknytning. Alle kostnader knytt til arbeidet må dekkast av eigar. Dette gjeld også kostnader med å kryssa kommunal veg.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding

Kopi til:

Ragnar Hindenes ved Ingrid
Hindenes
Teknisk drift

Mottakarar:

Ragnar Hindenes

Svindalsvegen 46 5913

EIKANGERVÅG